

16/189

21-April-2016



## Høringsuttalelse (KF-118)

Referansenummer: AHF56T

Registrert dato: 14.04.2016 23:35:46

Innledning	
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> Personlig	
Opplysninger om innsender	
Fornavn Sigrun Kjetland	
Etternavn Andvik	
Adresse Andvikvegen 915	
Postnummer 5981	Poststed MASFJORDNES
Telefon 41642971	
E-post	
Opplysninger om foretak/lag/forening	

Uttalelse	
Har du/dere fått tilsendt høringssaken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei	
Navn på høringssaken Søknad om utviding av fiskeanlegg på lokalitet 30196, ak, 13, Ådnekvamme i Masfjorden kommune	
Dato på kommunens høringsbrev 15.03.2016	
Saksnr./ref.nr.	

Uttalelse til saken

Me vil med dette få ytre at me er sterkt imot at kommunen tillet Engesund Fiskeoppdrett å utvide fiskeanlegget på Ådnekvamme. Me hadde håpa at dei heller fekk pålegg om å fjerne anlegget.

Anlegget er på noverande tidspunkt omtrent plassert oppi fjæresteinane våre. Det forureinar; det luktar dårleg ved sjøen og det ligg til tider ein "film" av feitt oppå vatnet. Før anlegget kom var det friskt sjøvann ved naustet vårt. No er dette borte og det er lite freistande å bade td slik situasjonen er no.

Luseproblematikken som fylgjer med slike anlegg, kjenner vi frå media; Bergens Tidende td. Dei skriv blant anna at Engesund Fiskeoppdrett har hatt omfattande luseproblem tidlegare, og verst var det i anlegga i Masfjorden. Der er altså ein omfattande bruk av antibiotika mot sjukdom. I tillegg les vi både i media og i veterinærrapportar vedlagt i saka, at ein må ta i bruk reseptbelagt lusemiddel for å halde fisken frisk. Resultatet er at all fisk i området blir forureina av medisin, ikkje særleg attraktivt å fiske her lenger.

Plassering, både noverande og den nye det er søkt om, samt bruk av anker og vaier på "kryss og tvers" i fjorden, gjer at fiskeplassar blir øydelagde. Det går td ikkje an å setje line ut frå Holmen lenger. Anlegget ligg i veggen i tillegg til at ein set fast lina i ankervaierane under sjøen.

Naturen i Masfjorden blir brukt i all form for reklame om kommunen, den reine, finenaturen er trekkplasteret til kommunen. Dette er ein no i ferd med å øydelegge i og med at ein tillet å plassere fiskeanlegg nesten overalt innover heile fjorden. Den reine og fine fjorden blir borte. Ikkje særleg attraktivt verken for ferierande gjester eller fastbuande.

Me håpar difor at Masfjorden kommune seier nei til utviding av fiskeanlegget ved Ådnekvamme.

Med venleg helsing  
Sigrun og Aril Andvik